



Vanylven kommune
Rådmannskontoret

Justisdepartementet
Lovavd.
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

JUSTISDEPARTEMENTET	
22 DES 2005	
SAKENR.:	200504026
AVD/KONT/BEH:	LOV/ED/HI
DDK.NR.	36
ARKIVKODE:	

Vår ref.
05/01062-006/KKV

Arkivkode
F50

Dykkar ref.

Dato
15.12.2005

MELDING OM VEDTAK HØYRINGSUTTALE - NOU 2005 : 8: LIKEVERD OG TILGJENGE

Kommunestyret handsama i møte 14.12.2005 sak 0125/05. Følgjande vedtak vart fatta:

Vanylven kommune ser trongen for eit sterkare lovvern mot diskriminering av funksjonshemma. Kommunen støttar fleirtalsinnstillinga i framlegget til diskriminerings- og tilgjengelov med unntak av § 11, der vi ser det som viktig at lova og tek med IKT-sektoren og samferdsleområdet.

Kommunikasjons- og informasjonsteknologi (IKT) vert nytta på nær sagt alle service- og informasjonstenester. Tilgjenge til desse er difor ein føresetnad for funksjonshemma sine høve til samfunnsmessig deltaking. På same måte er tilgjengeleg kollektivtrafikk ein føresetnad for at rørslehemma skal kunne delta i samfunnet.

Vanylven kommune støttar difor mindretalet sitt framlegg i § 11 som foreslår plikta til universell utforming utvida til også å gjelde samferdsel og IKT.

Rett utskrift:
Vanylven kommune


Kåre Kvangarsnes

Kopi til: Noregs Handikapforbund Nordvest, Fabrikkvegen 13, 6415 MOLDE

Postadresse:
Rådhuset
6143 Fiskåbygd

Besøksadresse:
Rådhuset
Fiskåbygd

Telefon: 700 23700
Telefaks: 700 23737
E-post: postmottak@vanylven.kommune.no